



Møteprotokoll

Utval: Samfunnsutvalet
Møtestad: Rådhuset, Ørstafjord
Dato: 16.06.2026
Tid: kl 13:00 - 17:30

Fremmøtte

Børge Gundersen

Asgeir Standal

Inge Kolås

Guttorm Hagen

Anne Stine Foldal Aam

Karl Asgeir Sæbønes

Magnar Hjertenæs

Representerer

Ap

FRP

FRP

H

SP

SP

SV

Funksjon

medlem

medlem

medlem

nestleiar

leiar

medlem

medlem

Forfall

Eilis-Mari Grinde

Representerer

FRP

Varamedlem

Per Olav
Sandbakk

Representerer

FRP

Veronica Skogstrøm Bigset UAVH

Andre som møtte

Eldar Øye, kommunalsjef teknisk, eigedom og landbruk

Helge Kvalheim, planleggar

Ingrid Åshamar, konsulent politisk sekretariat

Ingvild S. H. Kjøde, planleggar

Johnny Saure Riise, tenesteleiar plan, byggesak og oppmåling

Inhabile

Anne Stine Foldal Aam

Karl Asgeir Sæbønes

Sak

31/26

35/26

Følgjene varamedl. møtte

Cato Engen, SP

Cato Engen, SP

Merknad

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 25/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/8906
PS 26/26	Spørsmålskvarter	26/8906
PS 27/26	Delegerte saker	26/8906
PS 28/26	Referatsaker	26/8906
PS 29/26	Søknad om dispensasjon - Frådeling av bustadtomt - Indrehovdevegen 170 - Gnr 56 bnr 1	26/6730
PS 30/26	Søknad om dispensasjon - Nybygg fritidsbustad - Nes på Trandal - Gnr 113 bnr 6	25/2403
PS 31/26	Søknad om dispensasjon frå LNF føremål i arealdelen til veg på gbnr 33/13	24/4340
PS 32/26	Steinvoll - Liadalsvegen 842 - Gnr 3 bnr 14	26/7946
PS 33/26	Dispensasjon for frådeling av grunn Gnr 168 bnr 4	26/7741
PS 34/26	Dispensasjonshandsaming - Gnr 96 bnr 13 - Ny grunneigedom - Reitevegen 67	24/142
PS 35/26	Saksframlegg - Dispensasjon for frådeling av nausttomt og gjenreising av naust - Sæbønesvegen 102 - Gnr 169 bnr 5	26/7358
PS 36/26	Klage på vedtak gnr/bnr 39/7 – vilkår om storleik på naust	22/1284
PS 37/26	Rubhall ved Ørsta skisenter	26/8882

Ørsta, 16.06.2026

Anne Stine Foldal Aam
Leiar

PS 25/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga vart godkjent utan merknad.

Saklista vart godkjent utan merknad.

Behandling:

Innkallinga vart godkjent utan merknad

Saklista vart godkjent utan merknad

Karl Asgeir Sæbønes (SP) og Børge Gundersen (AP) vart vald til å godkjenne protokollen saman med leiar.

PS 26/26 Spørsmålskvarter

Vedtak:

Behandling:

Arbeidarpartiet - Tilkomst til Garvargata, foreslått av Børge Gundersen, Arbeidarpartiet

Vil gjerne ha informasjon om kvifor Meisterbygg ikkje har fått svar i saka om utbygging av Garvargata 6 og kvifor dei ikkje kan ha 3 innkjørsle til desse bustadane.

Gjennomkøyringsforbod på strekninga krysset Markene/Lægdamarka - Mosgeila, foreslått av Guttorm Hagen, Høgre

Kva er status i høve utarbeiding av skiltplan?

Arbeidarpartiet - Tilkomst til Garvargata

Eldar Øye, kommunalsjef TEL, orienterte kort om saka i Fagerlia. Helge Kvalheim, planleggjar, supplerte.

Det er ei fagleg usemje kring korleis ein skal organisere tilkomst. Det har vore mykje korrespondanse og kommunikasjon, og saka er framleis under arbeid.

Det er sendt førespurnad til statens vegvesen om ei vurdering av saka.

Gjennomkøyringsforbod på strekninga krysset Markene/Lægdamarka - Mosgeila

Eldar Øye, kommunalsjef TEL, orienterte om status. Arbeidet er forsinka grunna redusert kapasitet pga sjukefråvær. Det vert arbeidd med å få skiltplanane klare for godkjenning.

PS 27/26 Delegerte saker

Vedtak:

Delegerte saker vart tekne til vitende

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
34/26	Endringsvedtak - unntak frå TEK17 - hovedombygging, riving, uteområde - Webjørn Svendsen-gata 21 - gnr 14 bnr 180
81/26	Løyve til tiltak - Bruksendring garasje til boligforemål - Vikebøen 5 - gnr 14 bnr 427
101/26	Dispensasjonsvedtak - Ny nettstasjon - Myrane 34 - gnr 99 bnr 61
102/26	Løyve til tiltak - tilbygg/fasadeendring- Kyrkjegata 5 - gnr 14 bnr 294
105/26	Løyve til tiltak - Bruksendring frå vertikaldelt/tomanns. våningshus til Våningshus - Frølandøyane 8 - gnr 163 bnr 4
106/26	Vedtak om deling - Gnr 14 bnr 191 - Deling for ny grunneigedom - Vikegeila/Skåla
108/26	Ferdigattest - Bygningsteknisk installasjon - Standalvegen 42 - gnr 170 bnr 1
109/26	Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Melsvegen 34 - gnr 47 bnr 127
110/26	Løyve til tiltak - Piperehabilitering - Haslevegen 3 - gnr 15 bnr 390
111/26	Endringsvedtak - Renovering einebustad - Langebakkane 14 - gnr 15 bnr 415
112/26	Løyve til tiltak - Tilbygg og fasadeendring - Stokke 19 - gnr 159 bnr 2
113/26	Løyve til tiltak - Endring av takvinkel på uthus - Liadalsvegen 970 - gnr 1 bnr 8
115/26	Løyve til tiltak - Søknad om bruksendring - Osgeila 14D - gnr 47 bnr 233
116/26	Løyve til tiltak - Flytande sauna - Sæbø Brygge - gnr 169 bnr 23
117/26	Løyve til tiltak - Oppføring av reiskapshus - Follestaddalen 527 - gnr 24 bnr 1
118/26	Ferdigattest - Verandatilbygg - Sandvikbakkane 13 - gnr 6 bnr 12
119/26	Løyve til tiltak - Modulbygg skule - Åmdalen 333 - gnr 35 bnr 27
120/26	Løyve til tiltak - Tribune og servicebygg - Langemyra 7 - gnr 52 bnr 61
121/26	Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Kyrkjegata 93A - gnr 13 bnr 41
122/26	Endringsvedtak - Ansvarsrett som sjølvbygger- Hovdenakken 47 - gnr 36 bnr 6
123/26	Ferdigattest - Driftsbygning i landbruket - Ytrehovdevegen 108 - gnr 58 bnr 7
124/26	Ferdigattest - Bruksendring frå tomann/vertikald. våningshus til våningshus - Frølandøyane 8 - gnr 163 bnr 4
125/26	Endringsvedtak - ansvarsrett som sjølvbygger - Alpetunet 18 - gnr 170 bnr 88
126/26	Løyve til tiltak - Oppføring av garasje - Follestaddalen 1067 - gnr 29 bnr 34
127/26	Dispensasjonsvedtak - oppføring av gapahuk - Raudøya - gnr 64 bnr 1
128/26	Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Støylevegen 18 - gnr 15 bnr 239
129/26	Ferdigattest - Piperehabilitering - Haslevegen 3 - gnr 15 bnr 390
130/26	Ferdigattest - etablering av flytebrygge - Øyragata 44 - gnr 169 bnr 10
131/26	Ferdigattest - fritidsbustad - Alpetunet 18 - gnr 170 bnr 88
132/26	Endringsvedtak - garasje- Indrehovdevegen 106 A - gnr 53 bnr 266
133/26	Dispensasjonsvedtak - Dispensasjon - oppføring av garasje - Indrehovdevegen 158 - gnr 55 bnr 14
134/26	Løyve til tiltak - Stålppe - Hjørundfjordstranda 1198 - gnr 171 bnr 5
135/26	Løyve til tiltak - Carport - Håkonsgata 61C - gnr 14 bnr 712
136/26	Ferdigattest - Bruksendring til kontor - Hamnevegen 5 - gnr 106 bnr 36
137/26	Ferdigattest - Søknad om bruksendring - Osgeila 14D - gnr 47 bnr 233
138/26	Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Bakkane 33 - gnr 96 bnr 49

139/26	Ferdigattest - Riving av garasje - Åsegotene 128 - gnr 41 bnr 26
140/26	Løye til tiltak - Fasadeendring- vindauge/dør i stove - Rystene 14A - gnr 51 bnr 95
141/26	Ferdigattest - Oppføring av garasje - Sørestranda 892 - gnr 63 bnr 4
142/26	Igangsettingsløye - Tilbygg, påbygg og ombygging av einebustad - Vinjevollvegen 37 - gnr 13 bnr 69
143/26	Mellombels bruksløye - Seksjon 7, 61 og 70 - Leitebakken - gnr 49 bnr 240
144/26	Løye til tiltak - Rive eksisterande hytte og sette opp ny - Mossetra 51 - gnr 18 bnr 41
145/26	Ferdigattest - Tilbygg - Haugegjerdet 18 - gnr 15 bnr 370
146/26	Løye til tiltak - Oppføring av fritidsbustad - Kolåstindvegen 22 - gnr 170 bnr 92
148/26	Ferdigattest - Tilbygg til reiskapshus - Mo - Hustad 59 - gnr 145 bnr 1
149/26	Ferdigattest - Støttemur - Vartdalsstranda - gnr 99 bnr 47
150/26	Endringsvedtak - tilbygg og plassering av garasje - Olavsgata 10 - gnr 15 bnr 1061
151/26	Igangsettingsløye - Total renovering og tilbygg - Haraldsgata 22 - gnr 14 bnr 442
152/26	Endringsvedtak - Ny tilkomst og løysing for overvasshandtering - Vikegata 21 - gnr 14 bnr 114
153/26	Løye til tiltak - ALTI Ørsta Torg - Endring av bygg/ bruksendring - Webjørn Svendsen-gata 10 - gnr 14 bnr 129
154/26	Ferdigattest - Riving av pelsdyrfarm - Sjøbakkane 10 - gnr 90 bnr 21
155/26	Løye til tiltak - Endring av bærekonstruksjonar - Håkonsgata 96 - gnr 14 bnr 315
156/26	Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Liadalsvegen 921 - gnr 2 bnr 10
157/26	Løye til tiltak - Rehabilitering av skorstein - Nakkemarkvegen 12 - gnr 39 bnr 32
158/26	Rammeløye - Ørsta kultur og kompetansesenter (ØKKS) - Holmegata 5-7 - gnr 15 bnr 1059
159/26	Igangsettingsløye - Oppføring av garasje - Vinjevollvegen 7 - gnr 14 bnr 135
160/26	Rammeløye - Riving av kulturhus med fleire bygningar - Anders Hovden-gata 5 - gnr 15 bnr 1059
161/26	Rammeløye - Riving av telebygg - Holmegata 5 - gnr 15 bnr 1059
162/26	Ferdigattest - Lagerhall (kasselager) - Hamnevegen 83 - gnr 99 bnr 297
163/26	Ferdigattest - etablering av avkjørsel og opparbeiding av parkeringsplass - Hamnevegen - gnr 99 bnr 400
164/26	Ferdigattest - Montering av stålppe - Hjørundfjordstranda 1198 - gnr 171 bnr 5
165/26	Løye til tiltak - Riving av bygg på Ørsta Skisenter AS - Fjellheisvegen 65 - gnr 36 bnr 9
166/26	Ferdigattest - Oppføring av frittstående garasje og dispensasjon frå takform - Håkonsgata 53 - gnr 14 bnr 433
167/26	Løye til tiltak - Rehabilitering av skorstein - Vinjevollvegen 15 - gnr 14 bnr 411
168/26	Ferdigattest - Fire 2-mannsbustadar, carportar og støyskjerm - Indrehovdevegen - gnr 50 bnr 19
169/26	Løye til tiltak - Rehabilitering av skorstein - Vartdalsstranda 1014 - gnr 99 bnr 53
170/26	Mellombels bruksløye - Seksjon 45 - Leitebakken 11 C - gnr 49 bnr 240
171/26	Løye til tiltak - Rehabilitering av skorstein - Åmdalen 289 - gnr 35 bnr 20
174/26	Mellombels bruksløye - einebustad og utsleppsløye - Hovdenakken 49 - gnr 36 bnr 6
175/26	Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Vinjevollvegen 15 - gnr 14 bnr 411

Behandling:

Delegerte saker vart tekne til vitende

PS 28/26 Referatsaker**Vedtak:**

Referatsakene vart tekne til vitende

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
04/26	Konsesjonsvilkår Skårelva kraftverk
05/26	Skårabakkane - Bevaring av køyrefast underlag
06/26	Vedtak - Byggesak - Ørsta 53/266 - Indrehovdevegen 106 A - endring av taktype einebustad og garasje
07/26	Vedtak frå Trøndelag fylkeskommune som settefylkeskommune- Måsøval Lisens AS - 994300474 - Akvakultur av laks, ørret og regnbueørret - Lokalitet 20815 Slettvika i Ørsta kommune

Behandling:

Eldar Øye, kommunalsjef TEL, orienterte kort om RS 05/26

Referatsakene vart tekne til vitende

PS 29/26 Søknad om dispensasjon - Frådeling av bustadtomt - Indrehovdevegen 170 - Gnr 56 bnr 1

Vedtak:

Samfunnsutvalet (SFU) syner til søknaden om dispensasjon frå kommunedelplanen for Ørsta sentrum og Hovdebygda med føremål om å dele frå tomt til potensiell ny bustad på gnr 56 bnr 1 i Hovdebygda.

Samfunnsutvalet har vore på synfaring i saka.

Samfunnsutvalet har etter synfaring kome til at ein kan gi dispensasjon frå LNF-føremålet. I høve friluftsiinteressene vil tomte ligge i nær tilknytning til eksisterande nyare fritidsbustad, ligg turvegane noko unna det som vil verte bygd ned, og ein einbustad vil etter utvalet si vurdering ikkje verke vesentleg ytterlegare privatiserande. Samfunnsutvalet meiner såleis at omsynet til friluftsiinteressene ikkje vert sett vesentleg til side.

Landbruksutvalet har gitt løyve etter jordlova.

Samfunnsutvalet konkluderer med at kravet om kvalifisert overvekt av fordelar er til stades. Med heimel i plan-og bygningslova §19-2 gjev Samfunnsutvalet dispensasjon frå arealføremålet til frådeling

Vilkår:

Tilkomstvegen må utbetrast slik at ein av tryggleikssyn kan betre framkommeligheita til utrykkingskøyrety.

Det må etablerast snuplass for stor bil i nærleiken av tomte.

Behandling:

Kommunedirektøren si reviderte tilråding, foreslått av ,

Samfunnsutvalet (SFU) syner til søknaden om dispensasjon frå kommunedelplanen for Ørsta sentrum og Hovdebygda med føremål om å dele frå tomt kring bustad på gnr 56 bnr 1 i Hovdebygda.

Samfunnsutvalet finn at det første vilkåret i PBL. §19-2 ikkje er oppfylt då ein dispensasjon føremål med føremål å dele frå tomt i dette området vil være i strid med nasjonale og regionale interesser samt omsyna bak føresegna det søkjast dispensasjon frå.

Samfunnsutvalet viser òg til uttalene frå Ørsta brann og redning og Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS, som peikar på utfordringar knytt til tilkomst, bereevne og forsvarleg levering av kommunale tenester som renovasjon og naudsynt beredskap til eigedomen.

SFU avslår søknaden, og ber søkaren sjå etter tomt som er mindre konfliktylt og som har ei betre eigna plassering.

Fellesframlegg , foreslått av Anne Stine Foldal Aam, Senterpartiet

Samfunnsutvalet (SFU) syner til søknaden om dispensasjon frå kommunedelplanen for Ørsta sentrum og Hovdebygda med føremål om å dele frå tomt til potensiell ny bustad på gnr 56 bnr 1 i Hovdebygda.

Samfunnsutvalet har vore på synfaring i saka.

Samfunnsutvalet har etter synfaring kome til at ein kan gi dispensasjon frå LNF-føremålet. I høve friluftsiinteressene vil tomte ligge i nær tilknytning til eksisterande nyare fritidsbustad, ligg turvegane noko unna det som vil verte bygd ned, og ein einbustad vil etter utvalet si vurdering ikkje verke vesentleg ytterlegare privatiserande. Samfunnsutvalet meiner såleis at omsynet til friluftsiinteressene ikkje vert sett vesentleg til side.

Landbruksutvalet har gitt løyve etter jordlova.

Samfunnsutvalet konkluderer med at kravet om kvalifisert overvekt av fordelar er til stades. Med heimel i plan-og bygningslova §19-2 gjev Samfunnsutvalet dispensasjon frå arealføremålet til frådeling

Vilkår:

Tilkomstvegen må utbetrast slik at ein av tryggleikssyn kan betre framkommeligheita til uttrykingskøyrety.

Det må etablerast snuplass for stor bil i nærleiken av tomta.

Samfunnsutvalet røysta over behovet for synfaring i saka.

Votering nr 1 - Votering over punkter

Punkt: **Synfaring sak 29/26**

For: 7 stemmer (88%) - Ap 1, FRP 2, H 1, SP 2, SV 1

Mot: 1 stemme (12%) - FRP 1

Stemmer:

Asgeir Standal (FRP)

Eldar Øye, kommunalsjef TEL, orienterte om saka.

Votering nr 2 - Votering over forslag

Kommunedirektøren si reviderte tilråding: 0 stemmer (0%)

Fellesframlegg : 8 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1

Anne Stine Foldal Aam (SP)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet (SFU) syner til søknaden om dispensasjon frå kommunedelplanen for Ørsta sentrum og Hovdebygda med føremål om å dele frå tomt kring eksisterande bustad på gnr 56 bnr 1 i Hovdebygda.

Kommunedirektøren finn at det første vilkåret i PBL. §19-2 ikkje er oppfylt då ein dispensasjon føremål med føremål å dele frå tomt i dette området vil være i strid med nasjonale og regionale interesser samt omsyna bak føreseigna det søkjast dispensasjon frå.

Kommunedirektøren viser òg til uttalene frå Ørsta brann og redning og Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS, som peikar på utfordringar knytt til tilkomst, bereevne og forsvarleg levering av kommunale tenester som renovasjon og naudsynt beredskap til eignedomen.

SFU avslår søknaden, og ber søkaren sjå etter tomt som er mindre konfliktfylt og som har ei betre eigna plassering.

PS 30/26 Søknad om dispensasjon - Nybygg fritidsbustad - Nes på Trandal - Gnr 113 bnr 6

Vedtak:

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet finn etter ei heilskapleg vurdering at ein dispensasjon med føremål å etablere fritidsbustad på Nes gnr 113 bnr 6 ikkje vil medføre at omsyna bakføresegn, plan eller nasjonale og regionale omsyn vert vesentleg sett til side.

Samfunnsutvalet finn fordelane ved tiltaket – knytt til auka bruk av eigedomen, styrka grunnlag for skjøtsel og vedlikehald av kulturlandskapet samt rekruttering av neste generasjon – er større enn dei identifiserte ulempene, som vert vurderte som avgrensa. Vilkår etter pbl. § 19-2 for dispensasjon frå både arealformålet LNF område B er oppfylt.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 8 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet finn etter ei heilskapleg vurdering at ein dispensasjon med føremål å etablere fritidsbustad på Nes gnr 113 bnr 6 ikkje vil medføre at omsyna bakføresegn, plan eller nasjonale og regionale omsyn vert vesentleg sett til side.

Samfunnsutvalet finn fordelane ved tiltaket – knytt til auka bruk av eigedomen, styrka grunnlag for skjøtsel og vedlikehald av kulturlandskapet samt rekruttering av neste generasjon – er større enn dei identifiserte ulempene, som vert vurderte som avgrensa. Vilkår etter pbl. § 19-2 for dispensasjon frå både arealformålet LNF område B er oppfylt.

PS 31/26 Søknad om dispensasjon frå LNF føremål i arealdelen til veg på gbnr 33/13

Vedtak:

Samfunnsutvalet legg til grunn at driftsvegen med lunneplass på gbnr 33/13 er eit ordinært LNF-tiltak, jf. pbl. § 11-7 nr. 5 bokstav a og rettleiaren «Garden som ressurs».

Tiltaket vert godkjent på følgjande vilkår:

1. Driftsvegen og lunneplassen skal ikkje utvidast utover innsendt situasjonsplan.
2. Arealet skal nyttast til landbruksføremål – lagring av rundballer, fôr, ved, tømmer og nødvendig landbruksutstyr.

Behandling:

Sak 24/4340 – Driftsveg og lunneplass, gbnr 33/13, Åmdalen 111, foreslått av Inge Kolås, Framstegspartiet

Merknad til saksgrunnlaget

Denne saka handlar om ein gardbrukar som har bygd ein driftsveg for å kunne drive jorda si. Tommy Dalene på Åmdalen 111 har geiter, leiger 59 dekar jord og produserer fôr. Han treng ein veg ned til ei lunneplass der rundballer, ved og tømmer kan lagrast på eit lågare nivå enn gardtunet. Vegen ligg i kanten av marka opp mot ein eksisterande steingard.

Samfunnsutvalet var på synfaring og såg sjølv at tilkomstvegen til tunet er bratt og tidvis svært glatt. Å køyre tungt utstyr, lastebilar med rundballer og maskinar opp og ned denne vegen vinterstid er krevjande og til tider uforsvarleg. Ein lunneplass nede i Åmdalen vil avlaste denne vegen vesentleg, særleg vinterstida, og bidra til ein tryggare og meir rasjonell drift av garden.

Tommy har gjort fem dokumenterte forsøk på å få tiltaket lovleggjort. Kvar gong har han vorte avvist eller omdirigert til eit nytt spor av kommunen sjølv. Han har betalt dagsmulkt i mellomtida.

Kommunen avviste søknad om landbruksveg etter landbruksvegforskrifta og konkluderte deretter med at vegen ikkje er eit LNF-tiltak. Dette er ei samanblanding av to ulike regelsett. Ein veg kan falle utanfor landbruksvegforskrifta og samstundes vere eit lovleg LNF-tiltak. Ein driftsveg til lunneplass for rundballer, ved og tømmer fell klart innanfor LNF-føremålet, jf. pbl. § 11-7 nr. 5 bokstav a og rettleiaren «Garden som ressurs». Dispensasjonssporet skulle aldri ha vore brukt.

FORSLAG TIL VEDTAK

Samfunnsutvalet legg til grunn at driftsvegen med lunneplass på gbnr 33/13 er eit ordinært LNF-tiltak, jf. pbl. § 11-7 nr. 5 bokstav a og rettleiaren «Garden som ressurs». Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Subsidiært, innanfor dispensasjonsramma saka er fremja etter, finn samfunnsutvalet at begge vilkåra i pbl. § 19-2 er oppfylte og innvilgar dispensasjon.

Tiltaket vert godkjent på følgjande vilkår:

1. Driftsvegen og lunneplassen skal ikkje utvidast utover innsendt situasjonsplan.
2. Arealet skal nyttast til landbruksføremål – lagring av rundballer, fôr, ved, tømmer og nødvendig landbruksutstyr.

Innbetalt dagsmulkt i saka vert tilbakebetalt Tommy Dalene. Grunnlaget er at dagsmulkta har løpt for eit tiltak som vert vurdert som lovleg innanfor LNF-føremålet, og at søkjaren gjennom heile prosessen konsekvent har søkt lovleggjering. Kommunedirektøren får i oppdrag å effektivere tilbakebetalinga.

Fellesframlegg, foreslått av Magnar Hjertenæs, Sosialistisk Venstreparti

Samfunnsutvalet legg til grunn at driftsvegen med lunneplass på gbnr 33/13 er eit ordinært LNF-tiltak, jf. pbl. § 11-7 nr. 5 bokstav a og rettleiaren «Garden som ressurs».

Tiltaket vert godkjent på følgjande vilkår:

1. Driftsvegen og lunneplassen skal ikkje utvidast utover innsendt situasjonsplan.
2. Arealet skal nyttast til landbruksføremål – lagring av rundballer, fôr, ved, tømmer og nødvendig landbruksutstyr.

Anne Stine Foldal Aam (SP) fremja spørsmål om sin gildskap grunna næringsinteresser.

Votering nr 1 - Votering over punkter

Anne Stine Foldal Aam - gild: 0 stemmer (0%)

Anne Stine Foldal Aam - ugild: 7 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 1, SV 1

Cato Engen (SP) tok sete som varamedlem i denne saka.

Guttorm Hagen (H) tok sete som utvalsleiar i denne saka.

Inge Kolås (FrP) fremja ynskje om synfaring i saka.

Votering nr 2 - Votering over punkter

Punkt: **Synfaring PS 31/26**

For: 8 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Utvalet reiste på synfaring.

Eldar Øye, kommunalsjef TEL, orienterte som saka og vurderingane som har vore gjort.

Johnny Riise, tenesteleiar plan, byggesak og oppmåling, supplerte.

Inge Kolås (FrP) trekte sitt framlegg.

Votering nr 3 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 1 stemme (12%) - FRP 1

Stemmer:

Per Olav Sandbakk (FRP)

Fellesframlegg: 7 stemmer (88%) - Ap 1, FRP 2, H 1, SP 2, SV 1

Magnar Hjertenæs (SV)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet syner til søknad om dispensasjon for etablert veg og oppstillingsplass på gnr. 33 bnr. 13.

Kommunedirektøren finn at vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 ikkje er oppfylt.

Det første vilkåret er ikkje oppfylt, då omsyna bak LNF-føremålet er sett til side og at etablering av vegen og oppstillingsplassen bryt med jordvernstrategien. Omsynet til jordvern og omsøkt arealbruk er ikkje i tråd med overordna plan og føringar og dei vert vesentleg tilsidesette ved å godkjenne tiltaket. Samfunnsutvalet vurderer derfor ikkje det andre vilkåret med fordelar knytt opp mot ulemper.

Søknaden vert difor avslått.

PS 32/26 Steinvoll - Liadalsvegen 842 - Gnr 3 bnr 14

Vedtak:

Samfunnsutvalet (SFU) syner til søknad om oppføring av steinvoll og dispensasjon frå arealføremålet i kommunedelplanen for Ørsta sentrum og Hovdebygda, datert 20.04.2026.

SFU konkluderer med at ein kan gi dispensasjon frå LNF-føremålet. Sjølv om omsynet bak føreseigna vert sett til side, kjem vi til at det ikkje er vesentleg.

Samla sett er fordelane vurdert som klart større enn ulempene; Steinvollen kan redusere risikoen knytt til skredfare og arealbruken vert i praksis vidareført.

SFU konkluderer med at kravet om kvalifisert overvekt av fordelar er til stades.

Med heimel i plan-og bygningslova §19-2 gjev SFU dispensasjon frå arealføremålet for etablering av steinvoll i samsvar med søknaden.

Vilkår:

Steinvollen må stellast og vedlikehaldast slik at den på best mogleg vis skil inn i landskapet.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 8 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet (SFU) syner til søknad om oppføring av steinvoll og dispensasjon frå arealføremålet i kommunedelplanen for Ørsta sentrum og Hovdebygda, datert 20.04.2026.

SFU konkluderer med at ein kan gi dispensasjon frå LNF-føremålet. Sjølv om omsynet bak føreseigna vert sett til side, kjem vi til at det ikkje er vesentleg.

Samla sett er fordelane vurdert som klart større enn ulempene; Steinvollen kan redusere risikoen knytt til skredfare og arealbruken vert i praksis vidareført.

SFU konkluderer med at kravet om kvalifisert overvekt av fordelar er til stades.

Med heimel i plan-og bygningslova §19-2 gjev SFU dispensasjon frå arealføremålet for etablering av steinvoll i samsvar med søknaden.

Vilkår:

Steinvollen må stellast og vedlikehaldast slik at den på best mogleg vis skil inn i landskapet.

PS 33/26 Dispensasjon for frådeling av grunn Gnr 168 bnr 4

Vedtak:

Samfunnsutvalet gjev etter ei heilskapleg vurdering dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel (LNF-C) for deling av gnr. 168 bnr. 4, jf. plan- og bygningslova § 19-2 som synt i saksvedlegga.

Fordelane ved tiltaket er etter ei samla vurdering klart større enn ulempene.

Det vert lagt avgjerande vekt på at frådelinga legg til rette for ei driftsmessig god løysing for landbruket.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Restarealet skal nyttast til landbruksføremål og overførast til aktiv landbruksdrift
- Det må ligge føre avkøyrsløyve frå fylkeskommunen før frådeling kan gjennomførast.

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-4, jf § 20-1, vert det gjeve løyve til frådeling av tomt kring bustad. Oppmålingsforretning skal gjennomførast i samsvar med matrikkellova.

Vedtaket om dispensasjon og frådeling gjeld i tre år, og det må gjennomførast oppmålingsforretning innan same frist.

Behandling:

Helge Kvalheim, planleggjar, orienterte om flaumsoner rapporten som er referert i saksframlegget. Det finns ein nyare rapport som skal takast hensyn til i denne saka.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 8 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet gjev etter ei heilskapleg vurdering dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel (LNF-C) for deling av gnr. 168 bnr. 4, jf. plan- og bygningslova § 19-2 som synt i saksvedlegga.

Fordelane ved tiltaket er etter ei samla vurdering klart større enn ulempene.

Det vert lagt avgjerande vekt på at frådelinga legg til rette for ei driftsmessig god løysing for landbruket.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Restarealet skal nyttast til landbruksføremål og overførast til aktiv landbruksdrift
- Det må ligge føre avkøyrsløyve frå fylkeskommunen før frådeling kan gjennomførast.

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-4, jf § 20-1, vert det gjeve løyve til frådeling av tomt kring bustad. Oppmålingsforretning skal gjennomførast i samsvar med matrikkellova.

Vedtaket om dispensasjon og frådeling gjeld i tre år, og det må gjennomførast oppmålingsforretning innan same frist.

PS 34/26 Dispensasjonshandsaming - Gnr 96 bnr 13 - Ny grunneigedom - Reitevegen 67

Vedtak:

Samfunnsutvalet gjer med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vedtak om å gi dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel (LNF-område sone C) til frådelling av eksisterande bustad på gnr. 96 bnr. 13, Reitevegen 67, slik det går fram av søknaden.

Vedtaket er grunngjeve med at tiltaket gjeld frådelling av eksisterande bustad og ikkje medfører nye byggjetiltak, terrenginngrep eller endra bruk av eigedomen. Omsyna bak føresegnene i kommuneplanen vert etter ei samla vurdering ikkje vesentleg tilsidesette, og fordelane ved tiltaket vert vurdert å vere større enn ulempene. Når det gjeld fordelar og ulemper, legg samfunnsutvalet vekt på at frådellinga legg til rette for ei tenleg eigedomsstruktur og vidare bruk av bustaden som sjølvstendig eigedom. Ulempene ved dispensasjon vert vurdert som små, då tiltaket ikkje medfører nye inngrep eller uønska presedens av vesentleg omfang. Frådellinga vil i tillegg bidra til å oppretthalde levande lokalsamfunn gjennom å legge til rette for nyetableringar utan å krevje nye naturinngrep eller konflikt med landbruksinteressene.

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-4, jf § 20-1, vert det gjeve løyve til frådelling av tomt kring bustad. Oppmålingsforretning skal gjennomførast i samsvar med matrikkellova. Vedtaket om dispensasjon og frådelling gjeld i tre år, og det må gjennomførast oppmålingsforretning innan same frist.

Vilkår:

Det må ligge føre avkøyrsløyve frå fylkeskommunen før frådelling kan gjennomførast.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 8 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet gjer med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vedtak om å gi dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel (LNF-område sone C) til frådelling av eksisterande bustad på gnr. 96 bnr. 13, Reitevegen 67, slik det går fram av søknaden.

Vedtaket er grunngjeve med at tiltaket gjeld frådelling av eksisterande bustad og ikkje medfører nye byggjetiltak, terrenginngrep eller endra bruk av eigedomen. Omsyna bak føresegnene i kommuneplanen vert etter ei samla vurdering ikkje vesentleg tilsidesette, og fordelane ved tiltaket vert vurdert å vere større enn ulempene. Når det gjeld fordelar og ulemper, legg samfunnsutvalet vekt på at frådellinga legg til rette for ei tenleg eigedomsstruktur og vidare bruk av bustaden som sjølvstendig eigedom. Ulempene ved dispensasjon vert vurdert som små, då tiltaket ikkje medfører nye inngrep eller uønska presedens av vesentleg omfang. Frådellinga vil i tillegg bidra til å oppretthalde levande lokalsamfunn gjennom å legge til rette for nyetableringar utan å krevje nye naturinngrep eller konflikt med landbruksinteressene.

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-4, jf § 20-1, vert det gjeve løyve til frådeling av tomt kring bustad. Oppmålingsforretning skal gjennomførast i samsvar med matrikkellova. Vedtaket om dispensasjon og frådeling gjeld i tre år, og det må gjennomførast oppmålingsforretning innan same frist.

Vilkår:

Det må ligge føre avkøyrsløyve frå fylkeskommunen før frådeling kan gjennomførast.

PS 35/26 Saksframlegg - Dispensasjon for frådelling av nausttomt og gjenreising av naust - Sæbønesvegen 102 - Gnr 169 bnr 5

Vedtak:

Samfunnsutvalet (SFU) syner til søknaden om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå strandsonevernet i plan- og bygningslova § 1-8 for oppattbygging av naust på tidligare eksisterande naust. SFU konkluderer med at ei oppattbygging av nytt naust på den gamle plasseringa ikkje vil sette vesentleg til sides interessene bak lov- eller plangrunnlaget. Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 gjev SFU dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for naust på gnr/bnr. 169/5. I samband med seinare søknad om tiltak må det dokumenterast at naustet vert utforma slik at det oppfyller krava til trygg byggegrunn i høve stormflo, jf. TEK 17. Det kan ikkje gjennomførast terrengmessige inngrep, verken på land eller i sjøen, som kan påverke stabiliteten til grunnen.

Vilkår:

- Når det gjeld tryggleik, ligg tiltaket i område som kan vere utsett for stormflo, men det er føresett at naustet vert utforma slik at det toler desse påkjenningane.
- Rettningsline for naust skal bli lagde til grunn for den vidare handsaminga av byggjesaka.

Bestemmelse jf. pbl §11-10	Retningsline
Naust kan ikkje innreiast for varig opphald. I naustområde skal det vere ope for fri ferdsle i strandsona. Uteområda rundt nausta kan ikkje privatiserast med ferdselshindringar (murar/gjerde), plattingar, stampar eller hageflekkar. Lista er ikkje uttømande. Alle konstruksjonar under kote 2,72 skal dimensjonerast og utformast for å tåle påkjenningar ved stormflo.	Frittstående naust skal normalt ikkje vere større enn 40m² BYA. Ev. behov for større naust må avklarast i reguleringsplan. Naust kan ikkje ha takopplett (ark/kvist), karnapp, pipe, leveggar, store vindauge og andre element som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon. Maks. høgde mot sjøen skal ikkje overstige 5,5m. Naust skal ha saltak med mønevinkel mellom 27 og 42 grader, og mørk eller matt fargeverknad.

Søknaden om deling av grunneigedom vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslov (pbl), jf. særleg § 20-1 bokstav m og § 26-1, matrikkelova §§ 33 og 34, føresegner utarbeidd på grunnlag av desse. Godkjenninga vert gjort på følgjande vilkår:

Frådellinga skal vere i samsvar med søknaden, datert 17.03.2026 og kart, datert 17.03.2026 .

Oppmålingsforretning skal gjennomførast i samsvar med matrikkelova.

Behandling:

Karl Asgeir Sæbønes (SP) stilte spørsmål om sin gildskap.

Votering nr 1 - Votering over punkter

Karl Asgeir Sæbønes - gild: 0 stemmer (0%)

Karl Asgeir Sæbønes - ugild: 7 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 1, SV 1

Cato Engen (varamedlem) tok sete i saka.

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 8 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet (SFU) syner til søknaden om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå strandsonevernet i plan- og bygningslova § 1-8 for oppattbygging av naust på tidligare eksisterande naust. SFU konkluderer med at ei oppattbygging av nytt naust på den gamle plasseringa ikkje vil sette vesentleg til sides interessene bak lov- eller plangrunnlaget. Med heimel i plan- og bygningslova §19-2 gjev SFU dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for naust på gnr/bnr. 169/5. I samband med seinare søknad om tiltak må det dokumenterast at naustet vert utforma slik at det oppfyller krava til trygg byggegrunn i høve stormflo, jf. TEK 17. Det kan ikkje gjennomførast terrengmessige inngrep, verken på land eller i sjøen, som kan påverke stabiliteten til grunnen.

Vilkår:

- Når det gjeld tryggleik, ligg tiltaket i område som kan vere utsett for stormflo, men det er føresett at naustet vert utforma slik at det toler desse påkjenningane.
- Retningsline for naust skal bli lagde til grunn for den vidare handsaminga av byggjesaka.

Bestemmelse jf. pbl §11-10	Retningsline
Naust kan ikkje innreiast for varig opphald. I naustområde skal det vere ope for fri ferdsle i strandsona. Uteområda rundt nausta kan ikkje privatiserast med ferdselshindringar (murar/gjerde), plattingar, stampar eller hageflekke. Lista er ikkje uttømande. Alle konstruksjonar under kote 2,72 skal dimensjonast og utformast for å tåle påkjenningar ved stormflo.	Frittstående naust skal normalt ikkje vere større enn 40m² BYA. Ev. behov for større naust må avklarast i reguleringsplan. Naust kan ikkje ha takopplett (ark/kvist), karnapp, pipe, leveggar, store vindauger og andre element som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon. Maks. høgde mot sjøen skal ikkje overstige 5,5m. Naust skal ha saltak med mønevinkel mellom 27 og 42 grader, og mørk eller matt fargeverknad.

Søknaden om deling av grunneigedom vert godkjent i samsvar med plan- og bygningslov (pbl), jf. særleg § 20-1 bokstav m og § 26-1, matrikkelova §§ 33 og 34, føresegner utarbeidd på grunnlag av desse. Godkjenninga vert gjort på følgjande vilkår:

Frådelinga skal vere i samsvar med søknaden, datert 17.03.2026 og kart, datert 17.03.2026 .

Oppmålingsforretning skal gjennomførast i samsvar med matrikkelova.

PS 36/26 Klage på vedtak gnr/bnr 39/7 – vilkår om storleik på naust

Vedtak:

Samfunnsutvalet har vore på synfaring, og har også vurdert dei nye opplysingane i saka. Samfunnsutvalet finn å kome klagar i møte, og endrar på sitt vedtak i sak 22/26, slik at vilkåret knytt til storleik på naustet vert endra til 5 x 7 meter.

Behandling:

Tillegg til tilrådinga, foreslått av Inge Kolås, Framstegspartiet

Samfunnsutvalet oppmodar søkjar om å søkje på to naust ,jamfør dagens løysing dersom søkjar ikkje er nøgd med løyve på eit naust a. 25.m2

PS 36/26 Klage på vedtak gnr. 39, bnr. 7 - vilkår om storleik på naust, foreslått av Guttorm Hagen, Høgre

Samfunnsutvalet (SFU) har vurdert nye opplysningar i klage vedkomande private rettar og støtteskrivet frå Paul Svein Vatne. Eit nytt naust som har grunnflate på 35 m2 som omsøkt kan ha pen utforming og trekkast bak og inn i terreng, jfr nye opplysingar og informasjon gjeve i høve synfaring. Søkjar sanerer to eldre naust som samla har større grunnflate enn dei nausta som står der no. Tiltaket vil verke positivt for området sidan to eldre naust i dårleg stand vert sanerte. Ferdsla mellom naustet og vatnet vert ikkje hindra eller påverka av tiltaket. Ei grunnflate på 35 m2 vil ha mykje å seie for søkjar sie behov, og vil ikkje påverke andre som ferdast i området negativt.

Naustet er tenkt nytta til naustplass for plastbåtar eigna til å verte nytta i eit større ferskvatn. I høve vanleg lengde og breidde på slike båtar er det meir formålstenleg å disponere eit naust på 35 m2 til føremålet. Søkjarane har kome attende til Ørsta og har busett seg på garden og det er positivt at dei vil forskjønne området ved å rive to eldre naust og oppføre eit nytt.

Fordelane med å gje dispensasjon er klart større enn ulempene. Samfunnsutvalet endrar såleis sitt vedtak og tek klagen til fylgje. Subsidiært kan søkjar oppføre to naust i staden for eitt.

Fellesframlegg , foreslått av Anne Stine Foldal Aam, Senterpartiet

Samfunnsutvalet har vore på synfaring, og har også vurdert dei nye opplysingane i saka. Samfunnsutvalet finn å kome klagar i møte, og endrar på sitt vedtak i sak 22/26, slik at vilkåret knytt til storleik på naustet vert endra til 5 x 7 meter.

Utvalet røysta over behovet for synfaring i saka.

Votering nr 1 - Voting over punkt

Punkt: **Synfaring sak 36/26**

For: 7 stemmer (88%) - Ap 1, FRP 2, H 1, SP 2, SV 1

Mot: 1 stemme (12%) - FRP 1

Stemmer:

Asgeir Standal (FRP)

Guttorm Hagen (H) og Inge Kolås (FrP) trekte sine framlegg.

Votering nr 2 - Voting over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

Fellesframlegg : 8 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1

Anne Stine Foldal Aam (SP)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet (SFU) har vurdert nye opplysningar i klagen vedkomande private rettar, men ser ikkje at det endrar vurderinga som alt er gjort. Eit større naust enn det som er vanleg i nærområde vil gje større landskapseffekt, verke meir privatiserande og gje presedens for andre saker.

SFU opprettheld vedtaket i sak 64/22 og sender saka over til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd (jf forvaltningsloven § 33).

PS 37/26 Rubbhall ved Ørsta skisenter

Vedtak:

Samfunnsutvalet (SFU) viser til søknad om dispensasjon datert 11.05.2026, mottatt av kommunuen 08.06.2026.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 gir SFU dispensasjon til utviding av utbyggingsområdet i LNF i kommunedelplan Bondalseidet slik at rubbhall kan oppførast som omsøkt på gbnr. 157/4/1.

Det vert lagt vekt på at tiltaket er naudsynt for drift av skisenteret, og at plasseringa er gjort i naturleg samanheng med eksisterande anlegg.

Samfunnsutvalet vurderer at omsyna bak planformålet ikkje vert vesentleg tilsidesette då utbygginga er naudsynt for normal drift av, og i tråd med behovet til skisenteret. Å etablere driftsbygningar på eit skisenter er ei forutsetning for drift ved skisenter og sikrar utøvinga av aktivitet. Ein sikrar friluftinteressene for Ørsta og regionen ved å sikre drift av anlegget. I tillegg tek ein ivare dyre maskiner og kostbart utstyr. Ulempene knyt seg til inngrep i eit ikkje utbygt område og evt. til den estetiske utforminga. Fordelane ved å gi dispensasjon vert vurdert som klart større enn ulempene. Vilråa i plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte.

Samfunnsutvalet vurderer vidare at sidan tiltaket er forsøkt plassert så anonymt som mogleg, at det skal skiftast farge og duk, ikkje vert visuelt ruvande og skjemmande. Dette gjer at hallen si framtoning gjennom konkrete tiltak og vurderingar er redusert og slik ikkje vil framstå som eit dominerande eller utilpassa element i landskapet. Samfunnsutvalet aksepterer på dette grunnlaget etablering av rubbhall med vilkår.

SFU tek berre stilling til dispensasjonsspørsmålet og overlet vidare handsaming etter plan- og bygningslova til administrasjonen.

Vilkår:

- Det skal, innan september 2028, vere skifta duk på hallen. Det skal vere naturlik farge på duken med grøn, brun eller grå tone. Val av farge skal avklarast med byggesaksavdelinga i Ørsta kommune.
- Rubbhall må plasserast minst 12 meter frå tomtegrense aust for tiltaksområdet, for å sikre god avstand til fritidsbustadar.

Behandling:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 8 stemmer (100%) - Ap 1, FRP 3, H 1, SP 2, SV 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Kommunedirektøren si tilråding:

Samfunnsutvalet (SFU) viser til søknad om dispensasjon datert 11.05.2026, mottatt av kommunuen 08.06.2026.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 gir SFU dispensasjon til utviding av utbyggingsområdet i LNF i kommunedelplan Bondalseidet slik at rubbhall kan oppførast som omsøkt på gbnr. 157/4/1.

Det vert lagt vekt på at tiltaket er naudsynt for drift av skisenteret, og at plasseringa er gjort i naturleg samanheng med eksisterande anlegg.

Samfunnsutvalet vurderer at omsyna bak planformålet ikkje vert vesentleg tilsidesette då utbygginga er naudsynt for normal drift av, og i tråd med behovet til skisenteret. Å etablere driftsbygningar på eit skisenter er ei forutsetning for drift ved skisenter og sikrar utøvinga av aktivitet. Ein sikrar friluftssinteressene for Ørsta og regionen ved å sikre drift av anlegget. I tillegg tek ein ivare dyre maskiner og kostbart utstyr. Ulempene knyt seg til inngrep i eit ikkje utbygt område og evt. til den estetiske utforminga. Fordelane ved å gi dispensasjon vert vurdert som klart større enn ulempene. Vilråa i plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylte.

Samfunnsutvalet vurderer vidare at sidan tiltaket er forsøkt plassert så anonymt som mogleg, at det skal skiftast farge og duk, ikkje vert visuelt ruvande og skjemmande. Dette gjer at hallen si framtoning gjennom konkrete tiltak og vurderingar er redusert og slik ikkje vil framstå som eit dominerande eller utilpassa element i landskapet. Samfunnsutvalet aksepterer på dette grunnlaget etablering av rubbhall med vilkår.

SFU tek berre stilling til dispensasjonsspørsmålet og overlet vidare handsaming etter plan- og bygningslova til administrasjonen.

Vilkår:

- Det skal, innan september 2028, vere skifta duk på hallen. Det skal vere naturlik farge på duken med grøn, brun eller grå tone. Val av farge skal avklarast med byggesaksavdelinga i Ørsta kommune.
- Rubbhall må plasserast minst 12 meter frå tomtegrense aust for tiltaksområdet, for å sikre god avstand til fritidsbustadar.